

Hordaland fylkeskommune  
Agnes Mowinkelsgate 5  
5008 Bergen

## **Endring av vedtekter for Sunnhordland museum – Høyring**

Det er behov for å oppdatere og fornye fleire paragrafar i vedtektene til stiftinga Sunnhordland museum. Dette fordi fleire er utdaterte og ikkje i samsvar med verken dagens museumsdrift eller museumspolitik. Det er styret ved Sunnhordland museum som ønsker ei endring av vedtektene, ei sak som har vore handsama i fleire styremøte i 2017 og 2018.

### **Prosess for endring av vedtekter**

Vedtektsendringar skal (etter § 47 i stiftelseslova), så langt råd er, tilpassast det formålet som ein reknar med ligg til grunn for bestemmelsen som skal endrast. Endringa skal difor ikkje gå lenger enn det som er nødvendig.

Om det ikkje er opprettarane sjølv som har søkt om vedtektsendring, skal det hentast inn uttale frå opprettarar (etter § 49 i stiftelseslova). Det er tilstrekkeleg at styret legg fram dokumentasjon på at opprettarar har fått høve til, innan ein gitt frist, å gi uttale. Dersom det ikkje er råd å henta inn uttale frå opprettar, skal stiftelsen forklara kvifor. Stiftinga Sunnhordland museum har to opprettarar som kan få uttala seg: Sunnhordland folkemuseum og sogelag (nedlagt 2012) og Stiftinga Stord maritime museum. I tillegg har styret avgjort å senda høyringsbrev med forslag til nye vedtekter til Hordaland fylkeskommune, sunnhordlandskommunane og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Det er styret som skal søka om vedtektsendringar. Styreprotokollen må visa at det er fatta styrevedtak om å endra vedtektene, og kva konkrete endringar som er gjort (etter § 31 i stiftelseslova).

Vilkåra for vedtektsendring går fram av stiftelseslova § 46. Styret må grunngi kvifor vedtektene skal endrast på det konkrete punktet. Grunngivinga må være knytt til minst eitt av vilkåra i § 46 første eller andre ledd:

#### § 46 Vilkår for omdanning (stiftelseslova)

Omdanning kan foretas når en bestemmelse i vedtektene eller den rettslige disposisjonen som danner grunnlaget for stiftelsen

- a) ikke lar seg etterleve, for eksempel fordi stiftelsens kapital er utilstrekkelig til å tilgodese dens formål på en rimelig måte,
- b) er åpenbart unyttig,
- c) er i strid med hensikten i den disposisjonen som danner grunnlaget for stiftelsen, for eksempel fordi oppretterens forutsetninger for bestemmelsen har sviktet, eller

d) er åpenbart uheldig eller åpenbart ufornuftig.

Dersom bestemmelsen ikke gjelder formålet med stiftelsen, og det ellers må antas at det ved opprettelsen ikke er lagt vesentlig vekt på den, kan omdanning skje når bestemmelsen viser seg å være uheldig eller uhensiktsmessig.

Til slutt må prosessen enda i nye daterte vedtekter av styret.

I tråd med styret for Sunnhordland museum sitt vedtak av 05.12.2018 vert forslag til nye vedtekter sendt til Dykk på høyring. Vedlagt dette brevet finn De framlegg til nye styrevedtekter for Sunnhordland museum saman med gjeldande vedtekter. Styret for Sunnhordland museum har sett høringsfrist til 8 veker. Det vert teke omsyn til at det for mange er juleferie og set frist for uttale til 18.02.2019

Med Helsing



Direktør, Sunnhordland museum